

Borgafjell barnehage
Hegglandsvegen 120
5211 OS

Saksnr.	Arkivkode	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
16/307 - 194	/ A10/ &58	Irene Ullensvang - 56 57 51 24		23.03.2018

Endeleg rapport etter tilsyn med Borgafjell barnehage frå og med 31.10.17 til og med 11.03.18.

Os kommune, har i perioden 31.10.17 til dags dato, gjennomført varsla tilsyn med Borgafjell barnehage. Tilsynet har blitt gjennomført på bakgrunn av fleire bekymringsmeldingar frå føresette, PPT (Pedagogisk Psykologisk Teneste) og tilsette i barnehagen.

Innhaldet i bekymringsmeldingane har retta seg mot det pedagogiske tilbodet som blir gitt i Borgafjell barnehage og uro for oppfølging av barn grunna høgt sjukefråvær blant dei tilsette og høg bruk av vikarar over tid. Bekymringsmeldingane frå føresette har i stor grad også retta seg om mangel på informasjon frå barnehageeigar.

Kontaktperson i barnehagen: Anita Hauge, styrar i Borgafjell barnehage.

Det er gjennomført

- varsla stadleg tilsyn i Borgafjell barnehage fredag 03.11.17 kl. 11.00 – 13.00
Førebels rapport etter tilsynet vart sendt barnehagen 15.11.17. I rapporten bad tilsynsteamet om utvida tilgang til dokumentasjon og varsla nytt tilsyn 28.11.17
- ikkje-varsla tilsyn i Borgafjell barnehage torsdag 23.11.17
- varsla stadleg tilsyn i Borgafjell barnehage tysdag 28.11.17
- dialogmøte med representantar for føresette 22.01.18
- dialogmøte med tillitsvalde 05.02.18
- dialogmøte med barnehageeigar 10.01.18, 15.01.18 og 07.03.18

Os kommune konkluderer i denne rapporten med at lovbrøt som vart avdekka under tilsynet er lukka.

Det blir vist til kommunen sin konklusjon bak i dokumentet.

Om tilsynet med Borgafjell barnehage

Os kommune, som barnehagemynde, fører tilsyn med Borgafjell barnehage, jf. Barnehagelova §16. Kommunen sitt tilsyn med barnehageeigar, er tilsyn med det lovpålagte knytt til barnehagedrift.

Barnehagelova § 8 gir kommunen ansvar for å sjå til at barnehagelova blir etterlevd i barnehagane. Barnehagemynde har i § 8 fått tre sentrale verkemiddel som kan bidra til at barnehagane etterlever lova: godkjenning, rettleiing og tilsyn.

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 30 75 26	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 51 24		

Barnehagelova § 7, barnehageeigaren sitt ansvar, er ein naturleg del av alle tilsyn med private barnehagar.

Tema for tilsynet med heimel i Lov om barnehagar og delegert fullmakt:

- Barnehageeigaren sitt ansvar (Lov om barnehagar § 7)
- Styrar (Lov om barnehager § 17)
- Barnehagen sitt øvrige personale (Lov om barnehagar § 18)

Tema og føremålet med tilsynet:

- Barnehageeigar sitt ansvar for å drive verksemda i samsvar med gjeldande lov og regelverk knytt til bemanning og tal barn i barnehagen.
- Barnehagen skal ha ei forsvarleg pedagogisk leiing med godkjent utdanning.
- Pedagogiske leiarar må ha utdanning som barnehagelærar. Etter søknad kan kommunen gje dispensasjon frå utdanningskrav.

Tilsynet rettar merksemda mot barnehagen si oppfyljing av krav innanfor dei oppgitte emne, og rapporten viser eventuelle lovbrøt som vart avdekte under tilsynet. **Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av barnehagen.**

Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Borgafjell barnehage vart opna gjennom e-post korrespondanse og i varselbrev datert 31.10.17.

Barnehagen er pålagt å legge fram dokumentasjon for kommunen med heimel i barnehagelova § 8. Tilsynet vart gjennomført ved gransking av framlagte dokument og ved intervju av personar med tilknytning til barnehagen.

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- Oversikt over møtepunkt gjennom året, innhad og kven som stiller
- Oversikt som syner mottatt politiattest på alle tilsette og vikarar i barnehagen
- Oversikt over alle tilsette i barnehagen: namn, utdanning, stillingsstorleik, stillingstype
- Oversikt over alle barn i barnehagen: tal barn, alder og plasstorleik, inkl. gruppedeleing
- Beredskapsplanar
- Årsplan
- Vedtekter
- Vaktlistar
- Plantegningar som syner tilgjengeleg innvendig leike- og opphaldsareal
 - pr. avdeling
 - heile barnehagen
- retningslinjer som synleggjer tidsfesta møtepunkt med føresette og korleis det vert lagt til rette for foreldreråd og samarbeidsutval i Borgafjell barnehage
- oppdaterte tiltaksplanar som synleggjer det pedagogiske arbeidet
- bemanningsplanar som sikrar god og trygg oppfølging av barnegruppene
- tiltaksplanar som synleggjer og dokumenterer det pedagogiske arbeidet i barnehagen.
- rutinar som synleggjer kommunikasjonslinjer i Borgafjell barnehage
- årshjul som synleggjer møtepunkt gjennom året og kven som stiller
- oversikt som syner mottatt politiattest (med dato) på alle tilsette og vikarar i barnehagen

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralford: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 51 24		

- oversikt over alle tilsette i barnehagen som inkluderer namn, utdanning, stillingsstorleik og stillingstype
- oppdaterte tal for sjukefråvær
- vaktlister som synleggjer bemanning og tal timar pr. vakt
- barnehagen sine beredsskapsplanar frå A til Å
- personalhandbok
- oppdaterte vedtekter som er godkjent i SU
- oversikt over medlemmar i SU er mottatt pr. e-post 01.02.18. Vi ber om plan for gjennomføring av møter med SU vår 2018.

Os kommune har som ein del av tilsynet hatt tre dialogmøter med barnehageeigar. Rådmann Christian Fotland, ordførar Marie Bruarøy, vararordførar Laila Reiertsen, kommunalsjef Line Rye og barnehagemynde Irene Ullensvang har vore med i desse møta. I møte med barnehageeigar har det vore fokus på kommunen sine forventningar og krav til barnehageeigarar i Os kommune om god kvalitet i alle barnehagar som sikrar barn i Os eit likeverdig barnehagetilbod uavhengig av eigar. Det har vore merksemd på framdrift i tilhøva knytt til lovbrøt avdekt i tilsyn, etterspurnad av tiltak som sikrar det pedagogiske innhaldet i barnehagen, kva arbeid som blir gjort for å redusere sjukefråvær og bruk av vikarar og korleis eigar arbeidar for å dempe konfliktnivået som mellom anna kjem fram i media. Os kommune har vore tydeleg i forventningane knytt til barnehageeigar sitt ansvar i vidare arbeid.

Barnehageeigar har vore imøtekomande og tilsynsteamet har mottatt dokumentasjon som etterspurt.

På bakgrunn av bekymringsmeldingar varsla Kommunalsjef for Oppvekst og kultur kommuneoverlege Jonas Dale om tilhøva i Borgafjell barnehage. Kommuneoverlegen beslutta å gjennomføre tilsyn gjennom systemet for miljøretta helsevern. Tilsyn vart gjennomført 26.01.18. Rapport etter kommunelegen sitt tilsyn er datert 22.02.18.

Barnehagen har fylt ut og returnert skjema «*Samla dokumentoversikt*» og «*Eigenvurderingsskjema*» ved innsending av dokumentasjon.

Tilsynsteam:

- Irene Kvåle Foer, einingsleiar barnehage, Fusa kommune og representant frå Midthordland kompetanseregion
- Knut Vidar Garlid, skulefagleg rådgjevar Oppvekst og kultur, Os kommune
- Irene Ullensvang, Barnehagefagleg rådgjevar og barnehagemynde, Os kommune,

Oversyn over personar i barnehagen som var direkte involvert i tilsynet:

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Randi Nordeng	Styreleder	X	X	X
Anita Hauge	Styrar	X	X	X
Sunniva Sandvold	Kluge Advokatfirma	X	X	X
Svanhild Lygre	Pedagogisk leiar	X	X	X
Inger-Karin Honningsvåg	Assistent	X	X	X
Marita Wiers	Assistent		X	X
Anders Fløysand	Foreldrerepres.		X	x

Sluttmøte vart gjennomført tilsynsdagen.

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentraltbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 51 24		

Generelt om barnehagen

Barnehagen er ein privat barnehage som er helseverngodkjent for 141 barn over 3 år på fordelt på 7 avdelingar. Borgafjell barnehage opna desember 2013. Opningstida er 06.30 – 17.15.

Barnehagen har tilsaman 7 avdelingar som er fordelt på ein etasje. Personalet høyrer til barnegruppene på avdelingane men samarbeider om aktivitetar og oppgåver på tvers av avdelingane. Nærmiljøet vert nytta aktivt.

Rettslege krav

Etter barnehagelova § 16 fører kommunen tilsyn med alle barnehagane i kommunen. Kommunen kan gje pålegg om retting av uforsvarlege eller ulovlege tilhøve ved godkjente eller godkjenningspliktige verksemder, og vedta tidsavgrensa eller varig stenging. Kommunen bestemmer sjølv korleis og kor ofte tilsyn skal gjennomførast. Kommunen sitt stengingsvedtak skal sendast fylkesmannen til orientering. Vi viser elles til Kunnskapsdepartementet sin rettleiar om tilsyn i barnehagar.

Når kommunen driv rettleiing og tilsyn med barnehagane, er dette utøving av offentlig mynde. Det følgjer av barnehagelova § 8 at kommunen, som barnehagemynde, skal rettleie og sjå til at barnehagane driv i samsvar med gjeldande regelverk. Kommunen sin kunnskap om barnehagane dannar grunnlag for å vurdera trong for å bruke verkemidla rettleiing og tilsyn.

Kommunen sine undersøkingar og vurderingar

Barnehageeigaren sitt ansvar (Lov om barnehagar § 7)

Barnehageeigar skal drive verksemda i samsvar med gjeldande regelverk. Eigar har ansvar for at verksemda følgjer krav i barnehagelova som f.eks plikt til å sikre at kvar barnehage har eit foreldreråd og eit samarbeidsutval, jf. § 4 i barnehagelova; «Foreldreråd og samarbeidsutvalg». Loven slår fast at det er barnehageeigar si plikt å sørge for for at saker av viktighet vert lagt fram for foreldreråd og samarbeidsutval.

Barnehageeigar har i møte med Os kommune vist ei synleg og aktiv haldning til å møte både føresette og tilsette. Tiltaksplanar som synleggjer og dokumenterer det pedagogiske arbeidet i barnehagen er lagt fram. Rutinar som synleggjer kommunikasjonslinjer i Borgafjell barnehage er også framlagt. Barnehagen vil kontinuerlig måtte gjennomgå og synleggjere sine informasjonsrutinar for å sikre at informasjonsflyten blir god for alle partar som er tilknytta barnehagen.

Barnehageeigar har lagt fram dokumentasjon som synleggjer rutinar og plan for impementering av system knytt til foreldreråd og samarbeidsutval i vidare arbeid. Dette inkluderer personalhandbok med interne rutinar.

Barnehageeigar har også lagt fram planar som skal bidra til å sikre rutinar for informasjonsflyt både internt og eksternt. Gjennom samhandling og dialog med tilsette og føresette vil barnehageeigar bidra til å sikre oversikt og forstålege rammer for barnehagedrifta.

Årshjul for gjennomføring av møter er framlagt. Dette inkluderer jamnlege møter med verneombud og SU. Fastsette møter med tilsette skal sikre implementering av rutiner for å håndtere avviksmeldingar og andre interne rutiner.

Barnehageeigar skal gjennomføre intern brukarundersøkelse som skal utarbeidast saman med tilsette og SU. Os kommune vil få tilgang til resultatata og følgje opp resultat i undersøkinga saman med barnehageeigar.

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentraltbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 51 24		

Barnehageeigar har lagt fram tiltaksplanar for korleis dei saman med tilsette i barnehagen vil arbeide med omdømmebygging for å sikre at det vert gjenoppretta tillit både internt og eksternt.

Barnehageeigar har med utgangspunkt i tilsynssakens art og omfang takka ja til Os kommune sitt tilbod om rettleiing i vidare arbeid. Etter avtale med barnehageeigar er det også gjort avtale om oppfølgingsmøte med eigar og representantar for dei tilsette og SU i løpet av juni 2018.

På bakgrunn av kommunen sine undersøkingar og vurderingar konkluderer vi med at brot på § 7 i barnehageloven, 1. ledd; «Barnehageeieren skal drive virksomheten i samsvar med gjeldende lover og regelverk» er lukka.

Barnehagen sitt øvrige personale (Lov om barnehagar § 18)

Det er barnehageeigar som har ansvar for at den totale bemanninga i barnehagen er tilstrekkeleg til at personalet kan drive ei forsvarleg pedagogisk verksemd.

Barnehageeigar har stadfesta utfordringar knytt til høgt sjukefråvær men vurderer tilhøva i barnehagen som gode og vil vere tett på i vidare arbeid. Framlagte rapportar syner at sjukefråvær og vikarbruk er redusert.

Barnehageeigar har lagt fram oppdaterte lister som synleggjer at bemanninga i Borgafjell barnehage skal vere tilstrekkeleg til å kunne drive ei forsvarleg pedagogisk verksemd. Tiltaksplanar skal implementerast og bidra til å sikre at bemanninga til ei kvar tid er forsvarleg og tilstrekkeleg i forhold til tal barn. Planar for oppfølging av vikarar er lagt fram.

Eigar sitt mål for samhandling og oppfølging av tilsette er at det skal vere basert på tillit og gode relasjonar. Oppfølging og opplæring av vikarar i Borgafjell barnehage vert sentralt i vidare arbeid.

Planar for det pedagogiske arbeidet er framlagt og vil bli fulgt opp jamnelege møter med dei tilsette for å sikre at krav til barnehagen som pedagogisk verksemd, barnehagelova § 2, vert oppfylt.

På bakgrunn av kommunen sine undersøkingar og vurderingar konkluderer vi med at brot på § 18 er lukka.

Kommunen sin konklusjon

Os kommune har i endeleg tilsynsrapport etter tilsyn med Borgafjell barnehage konstatert brot på regelverket er lukka.

1. Barnehageeigaren sitt ansvar (Lov om barnehagar § 7)

Lovbrot er lukka.

2. Styrar (Lov om barnehager § 17)

Lovbrot ikkje funne.

3. Barnehagen sitt øvrige personale (Lov om barnehagar § 18)

Lovbrot er lukka.

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentraltbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 51 24		

Gjennomført tilsyn med Borgafjell barnehage har vore ressurs- og tidkrevjande for alle involverte. Os kommune ynskjer å presisere krav om føreseieleg og god barnehagedrift og høg kvalitet på det samla barnehagetilbodet i kommunen.

I tilsynsperioden har Os kommune vore i tett dialog med eigar av Borgafjell barnehage og over tid gjennomført dialogmøter med involverte partar i tilsynssaka. Barnehageeigar har med utgangspunkt i tilsynssakens art og omfang takka ja til Os kommune sitt tilbod om rettleiing i vidare arbeid. Etter avtale med barnehageeigar er det også gjort avtale om oppfølgingsmøte med eigar og representantar for dei tilsette og SU i løpet av juni 2018.

På grunnlag av tilsynssakens art og kompleksitet vil det bli vurdert nytt tilsyn med Borgafjell barnehage.

Vi ber om at vedlagt evalueringsskjema vert fylt ut og returnert til oss.

Med helsing

Line Rye
Kommunalsjef Oppvekst og kultur

Irene Ullensvang
Barnehagefagleg rådgjevar/barnehagemynd

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Tenk miljø - velg digital postkasse fra e-Boks eller Digipost på <https://www.norge.no>

Vedlegg:
Tilsyn barnehager - tilsynsevaluering frå barnehagen

Kopi til:
Irene Kvåle Foer

Fusa kommune og repr. frå
Midthordland
kompetanseregion

Kluge Advokatfirma AS
Knut Vidar Garlid
Randi Nordeng

Rådgjevar Oppvekst og kultur

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentralbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56 57 51 24